



# Møtebok

Sak nr 29/2009

Møtedato: 15.6.09

Møtestad: Vaset

Arkiv nr: S 875

## S 875, Nørre Trøllhøvd – søknad om tilbygg på uthus

Jan Erik Hagen søker om å få føre opp eit tilbygg på uthuset (oppført 2005). Tilbygget er på 10 m<sup>2</sup>, 2 x 5 meter. Teikningar og kartskisse er lagt ved søknaden.

På stølen er det i følgje stølsregisteret følgjande bygningar:

Kvilebu 31 m<sup>2</sup>

Uthus/skåle 30 m<sup>2</sup>

Sel 70 m<sup>2</sup>

Anna 5 m<sup>2</sup>

I følgje vedlagt kartskisse er huset på 5 m<sup>2</sup> fjerna.

Søklar opplyser at stølsjordet blir leigd bort. Etter fjellova er ikkje stølen å rekne som å vera i bruk. Søknaden skal då behandlast etter § 14 i stølsforskrifta der både Statskog og fjellstyret skal godkjenne søknaden. Om ein av instansane ikkje godkjenner søknaden vil ikkje tiltaket kunne gjennomførast.

*Stølsforskrift §14: På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa ved like på ordinært vis. Seterbrukaren kan etter samtykke frå Statskog og fjellstyret utvide seterhusa eller setje opp eit nytt seterhus på visse vilkår, som til dømes at hus som alt står skal rivast. § 13 andre stykket i denne forskrifta gjeld tilsvarande. Skal seterbrukaren ta opp at seterdrifta, kan seterhusa byggjast om eller utvidast etter reglane i § 13 i denne forskrifta.*

Søknaden er oversendt Oppland fylkeskommune til uttale og ein har ikkje motteke merknader til søknaden.

### Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskrifta. Søknaden blir oversendt Statskog for vidare behandling.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.6.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Jan Erik Hagen  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Oppland fylkeskommune